



«MOTTAKERNAVN»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 10.11.2014  
Vår ref.: 2014/1126-31  
Saksbehandlar: eirkniv  
Dykkar ref.: «REF»

## **Tilleggssøknader: Tilskot til sikring av friluftsområder Statsbudsjettet kap 1420 post 30 - 2014**

Det vert vist til tidlegare korrespondanse knytt til søknader om statleg sikring av friluftsområde for 2014. Hordaland fylkeskommune har motteke ytterlegare seks søknadar om statleg sikring av friluftsområde. Dei to første søknadane er slått saman til ei prioritering sidan dei omhandlar felles prosjekt. Det same gjeld for dei to søknadane på Landåsfjellet.

Søknadene med høgast prioritet er Riplegården og Løvtien, som er bynære område kor det ligg tilrette for intensiv bruk samstundes med særlege nærfriluftslivskvalitetar. Områda er nøkkelområder for Bergen by, med høg nytteverdi i eit folkehelseperspektiv.

Hordaland fylkeskommune tilrår at Miljødirektoratet gjer vedtak om sikring av friluftsområde i følgjande prioriterte rekkefølge:

1. Riplegården, gnr.157, bnr 91 og Løvtien, gnr. 159 bnr. 1001 i Bergen kommune
2. Landåsfjellet, gnr. 161. bnr 787 og Landåsfjellet, gnr. 161 bnr. 798 i Bergen kommune
3. Pilapollen, gnr.14, bnr. 5 i Fitjar kommune.
4. Tangavika, gnr. 109 bnr. 313 i Bergen kommune

I Kultur- og ressursutvalet sitt vedtak av 18.03.2014 vart fylkesrådmannen gitt mynde til å handsame tilleggssøknader om statleg sikring av friluftsområde ut 2014. Ved vurderinga av søknadane er det - i tråd med Miljødirektoratet sine retningslinjer - lagt vekt på følgjande faktorar :

- Områder som kjem store befolkningsgrupper til gode. Nærrområde og turvegar i byar og tettstedar og landfaste areal ved sjøen har derfor høgast prioritet.
- Områder der allmennheita ikkje har ferdsels- og/eller opphaldsrett gjennom allemannsretten og friluftsløva - for eksempel fordi areala vert definert som innmark.
- Områder som vil bli intensivt brukt, og som behøver tilrettelegging for å kunne brukas til friluftslivsføremål.
- Områder som er handsama og prioritert i regional og/eller kommunal planprosess etter plan- og bygningslova sine føresegnar.
- Områder der det er sannsynleggjort rask gjennomføring av sikringsprosessen (saker som sannsynlegvis blir gjennomført innan eitt-to år)

Alle dei seks søknadane fyller vilkåra for statleg sikring. Søknadane gjeld kjøp/tilrettelegging av areal som må betegnast som viktige lokale og/eller regionale friluftsområde. Bergen og Omland friluftsråd/Friluftsrådet Vest har høg kompetanse og gjer ein god jobb både i samband med sikring og seinare forvaltning av områda. Det kan difor leggjast til grunn at dei føremål og tiltak som er skildra vil verte ivareteke på ein god måte. Hordaland fylkeskommune vil tilrå at alle søknadane vert innfridd fullt ut. Det er verd å nemne at når kommunen er tinglyst som eigar, ligg det til grunn av søkar at søknaden gjeld delvis refusjon av kostnaden og posisjon for tilretteleggingstiltak. Under følgjer ei kortfatta skildring og vurdering av søknadane.

### 1. Riplegården og Løvtien:

Grønn etat, Bergen kommune har søkt om til saman kr 177 141 til statleg sikring av områda Riplegården og Løvtien. Områda er knytt saman av Løvtien, ein tilrettelagt turveg under utbygging. Løvtien følgjer fjellet Løvstakken i nesten fem kilometer. Dette er turveg og transportveg som vert universelt utforma, og som ligg i nærleik til mange bustadområder for Bergen øst. Erverv av begge områda må sjåast i samanheng og vil auke tilgjengelegheita for tilkomst til Løvtien, fjellet Løvstakken og andre friluftsområde for ein stor del av Bergen si befolkning. Dette er nærfriluftsområde med særlege kvalitetar som til dømes god utsikt, aktivitetpunkt for barn, kulturminner, variert natur og universell utforming. Hordaland fylkeskommune vil sterkt tilrå at søknadane vert innfridd i si heilhet.

### 2. Landås:

Grønn etat, Bergen kommune har søkt om til saman kr 822 927 til statlig sikring av områda Gnr. 161 bnr. 787 (ref. 14S0FF4F) og Gnr. 161 bnr.798 (ref. 14S32D57) på Landåsfjellet. Områda ligg rett ved sida av kvarandre og dekker store delar av Nubbevatnet. Eigendomen er eit lokalt friluftslivsområde i direkte kontakt med byfjella, som blir særst mykje brukt heile året av mangfaldet i Bergen si befolkning. Erverv av begge områda må sjåast i samanheng med andre tiltak, og sikring bør innfriast på grunnlag av intensiv bruk, og for tilrettelegging for turstien Landåsløypa som er planlagt i området. Hordaland fylkeskommune vil tilrå at søknadane vert innfridd i si heilhet.

### 3. Pilapollen:

Friluftsrådet Vest har søkt om kr 1 000 000 til statleg sikring av Pilapollen, som er eit område sør på Teløy i Fitjar. Det vert i hovudsak vist til dei vurderingar og grunnlag for statleg sikring som vart gitt i tidlegare sikrings sak på Teløy, der det blei gjeve tilsegn om støtte 12.5.2014. Sikring av Pilapollen vil etter Hordaland fylkeskommune si vurdering komplettere tidlegare sikring og tilretteleggingstiltak, samt auke bruksverdien av Teløy som aktivitetssområde. Friluftsrådet Vest har inngått avtale med grunneigar og legg såleis til rette for ein rask gjennomføring av sikringa. Hordaland fylkeskommune tilrår at søknaden vert innfridd i si heilheit.

### 4. Tangavika:

Grønn etat, Bergen kommune har søkt om til saman kr 107 680 til statleg sikring av området Tangavika. Friluftsområde ligg om lag 400 meter vest for rullebana ved Bergen Lufthamn Flesland, og er delvis skogkledd og sjønært. Det er bilveg fram til område og tilrettelagt tilkomst for rørslehemma. Område er godt eigna til allsidig land- og vatnbaserte friluftaktivitetar og ligg lett tilgjengeleg for lokalbefolkninga. Søkjer opplyser at områder alt er sikra gjennom reguleringsplan, og grunngevev søknaden med behov for tilrettelegging. Med tanke på de store befolkningskonsentrasjonane meiner Hordaland fylkeskommune det er grunnlag for å etterkomme søknaden i si heilheit.

Ein eventuell innløyning av område gjer mogelegheit for at området kan opparbeidas med særleg tanke på barn og unge som brukarar av området. Område vil auka bruken med meir tilrettelagte tiltak.

Om de har spørsmål eller treng utfyllande informasjon kan de kontakte rådgjevar Eirik Knive på e-post: [eirik.knive@hfk.no](mailto:eirik.knive@hfk.no) eller tlf: 55 23 91 66

Rune Haugsdal  
Fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti  
Fylkesdirektør kultur og idrett

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*